



Arve Hagesæter
Radøyvegen 364
5938 SÆBØVÅGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 19/1764 - 19/13879

Saksbehandlar:
Trine Merete Jansen
TrineMerete.Jansen@radoy.kommune.no

Dato:
01.10.2019

Referat etter møte i SU/SMU Sæbø skule

Stad: Sæbø skule, møterommet

Tid: onsdag 18.september, kl. 17:00

Desse møtte: Tre elevrådsrepresentantar, Jostein Borlaug (politisk representant), Arve Hagesæter (leiar SU/SMU), Solveig Elvik (leiar FAU), Marte Kristin Merkesdal Klanderud (FAU), Vilde Follesø (representant for tilsette), Ina Jeanette Vågenes Sævdal (representant for tilsette), Marit Hornes (skuleleiing) og Trine Merete Jansen (rektor).

Saksliste:

1. Godkjenning av innkalling – ingen merknader til innkallinga.
2. Godkjenning av referat frå sist møte - Ingen merknader, referat godkjent.
3. Konstituering av utvalet. - Arve Hagesæter heldt fram som leiar av SU/SMU ved Sæbø skule. Rektor skriv alltid referat etter møta. Då FAU sitt første møte som var planlagt tidlegare denne veke vart utsett, er det er mogeleg at det etter konstituering i FAU blir nye representantar frå FAU til SU/SMU for skuleåret 2019/2020.
4. Prioritering av saker ut i frå Årshjulet. I haust skal ein prioritera gjennomføring av ei spørjeundersøking knytt til erfaringar og syn på at uteområdet er inndelt i to soner, ei sone for mellomsteget og ei sone for småsteget. 4. klasse kan no velje kva sone dei vil opphalde seg i. Soneinndelinga gjeld for dei fastlagte friminutta. Arve Hagesæter tar i samarbeid med FAU ansvar for gjennomføring av spørjeundersøking for føresette, medan elevrådet tar ansvar for gjennomføring av spørjeundersøking for elevane på skulen.

Rektor presiserer at avgjersla om korleis dette skal organiserast til ei kvar tid ligg hjå skuleleiinga, og vil bli gjort på bakgrunn av ei heilskapsvurdering. Endringar og justeringar kan skje frå periode til periode. Det er likevel viktig for skulen å få innspel både frå føresette og elevar i denne saka.

5. Uteområde/ballbinge – Ballbingen vil bli oppgradert i perioden før årsskiftet. Det vil bli ny drenering og nytt dekke. Det vil ikkje bli høve til å laga is i ballbingen etter at den er reahabilitert, då det vil skada underlaget.

6. Eventuelt

- Elevrådet ønskjer at vi skal ha større fokus på kildesortering, og at vi får på plass bedre system for dette i klasseromma. Dette vil skuleleiinga følgje opp vidare i samarbeid med elevrådet.
- Behovet for søppelspann på uteområdet blir også tatt opp under eventuelt. Uteområdet er mykje i bruk på ettermiddagstid, og vi ser ei auke med søppel spreidd på området. Dette vil skuleleiinga følgje opp vidare i samarbeid med elevrådet.
- Solidaritetsdag, som til dømes «Skolejoggen». Elevrådet jobbar vidare med dette.

Med helsing

Trine Merete Jansen
Rektor Sæbø skule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arve Hagesæter	Radøyvegen 364	5938	SÆBØVÅGEN
Ina J. Vågenes Sævdal			
Jostein Borlaug	Nordre Austmarka 47	5938	SÆBØVÅGEN
Kari Mette Ulvatn Bø			
Marit Hornnes			
Marte Kristin Merkesdal Klanderud	Nordre Austmarka 60	5938	SÆBØVÅGEN
Solveig Beate Elvik	Slettevegen 100	5936	MANGER
Vilde Follesø			